# Møteprotokoll
# for
# Heradsstyret

**Møtedato:** 22.02.2023
**Møtestad:** Heradsstyresalen - Rådhuset Lonevåg
**Møtetid:** kl. 14:00 - 22:00

Temamøte om barnevern frå kl. 14:00-17:00.

| **Frammøtte medlemmer** | **Parti** | **Rolle** |
|---|---|---|
| Lars Fjeldstad | SP | Ordførar |
| Turid Bjørndal Njåstad | SP | Medlem |
| Johannes Haugland | SP | Medlem |
| Asgeir Presttun | SP | Medlem |
| Frode Flesland | SP | Medlem |
| Hjalti Heimir Gislason | H | Varaordførar |
| Aksel Mjøs | H | Medlem |
| Berit Moslett Borge | H | Medlem |
| Ole Johannes Mjøs | H | Medlem |
| Rita Aud Tveiten | AP | Medlem |
| Alexander Thunestvedt | AP | Medlem |
| Øyvind Litland | AP | Medlem |
| Jørgen Varden | AP | Medlem |
| Roald Åge Kleppe | SV | Medlem |
| Kjersti Ingolvsdotter Vevatne | V | Medlem |
| Jarle Skeidsvoll | KRF | Medlem |
| Bjarte Hammer Aarland | KRF | Medlem |
| Silje Midtbø Vevle | MDG | Medlem |
| Alf Terje Mortensen | FRP | Medlem |
| Bjørn Kato Melchersen | FRP | Medlem |
| Siren Tyssebotn | FRP | Medlem |
| Kim Andre Hartveit | FRP | Medlem |
| Sigmund Faugstad | FRP | Medlem |

| **Forfall meldt frå medlem** | **Parti** | **Rolle** |
|---|---|---|
| Roy Håkon Jenssen | SV | Medlem |
| Kari Laurhammer Mjøs | KRF | Medlem |
| Henrik Øksnes | FRP | Medlem |
| Ragnar Tyssebotn | FRP | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer | Parti | Erstattar medlem |
|---|---|---|
| Åshild Rød | V | Vara under temamøte og gildskapsvara i sak 006/23 |
| Lillian Karin Bjørnseth | MDG | Vara under temamøte |
| John Tysse | FRP | Ragnar Tyssebotn |
| Kurt Ove Øksnes | FRP | Henrik Øksnes |

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, Leiar for barnevernet i sørfjorden, leiar for familiens hus, kommunalsjef for O.U.K, politisk-adm.sekretariat**

# Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 001/23 | Temamøte barnevern - Heradsstyret 22.02.23 |
| 002/23 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 003/23 | Godkjenning av møtebok |
| 004/23 | Referatsaker og meldingar |
| 005/23 | Tilstandsrapport barnevern 2022 |
| 006/23 | 4.gongs handsaming - Plansak 46302013004 - Detaljregulering Holmane næring - Fotlandsvåg |
| 007/23 | Oppstart av planarbeid med høyring og offentleg ettersyn av planprogram for Kommunedelplan for kulturminner i Osterøy kommune, 2016-2026, PlanID 12532015007 |
| 009/23 | Søknad om kommunal tilskot og garanti for lån - Furubakken idrettsplass |
| 008/23 | Seljerinden - Privatisering av kommunal veg |
| 010/23 | Prinsippavklaring om kryssing av steingard i samband med skogsdrift |
| 011/23 | Behov for justering av løn for støttekontaktar i helse og omsorgstenesta |
| 012/23 | Eigarskapsmelding Idrettsanlegg |
| 013/23 | KS debatthefte 2023 nr. 1 - Innspel frå Osterøy kommune |
| 014/23 | KS debatthefte 2023 nr. 2 - Innspel frå Osterøy kommune |
| 015/23 | Skattetakstnemnda - utmelding av medlem |
| 016/23 | Andre saker/spørsmål |

**Ordførar orienterte om interkommunalplan for sjøareal i starten av møtet:**
Om innkomne motsegn og innspel etter 1. gongs høyring og strategi for å komme med motsegn og innspel i møte. Ordførar la vekt på at heradsstyret sjølv skal vedta det som omhandlar Osterøy sitt sjøareal i denne planen, så det er svært viktig for ordførar at han har med seg heradsstyret i dei innspela han skal kome med i planen på noverande stadiet.

**Rådmann orienterte om følgjande:**
- Kontaktsenter

Reportasje om kontaktsenteret i Kommunal rapport denne veka – samarbeid om telefonteneste for Gulen, Osterøy, Samnanger og Aurland. Håpar å få med fleire kommunar. Opprinnelig var Vaksdal, Masfjorden og Austrheim med i prosjektet men dei trekte seg av ulke grunnar. Vi håpar likevel dei kjem med etter kvart, då dette så langt har vore ein suksess.

- Regnskapsresultat 2022

I dag går fristen for å sende rekneskap til revisor ut. Vi kjem til å klare fristen. Netto driftsresultat er på 12.2 mill med atterhald om at rekneskapen ikkje er revidert. Overskotet skulldast først og fremst kraftig vekst i inntektene seint på året. Dette gjeld både ekstraordinære skatteinntekter, havbruksfondsmidlar og kompansasjon for utgifter i samband med korona.

- Mogelegstudie Osterøyhallen

1 SAMMENDRAG
1.1 Oppsummering av funn og tilrådninger

> «Ifm. planleggingen og utarbeidelse av dette mulighetsstudiet, har man kommet til den klare tilrådning at en eventuell hallutvidelse (1/3 utvidelse) bør skje i østlig retning.
>
> Hallutvidelse i vestlig retning frarådes.
>
> Dersom idrettshallen utvides med 1/3, oppnår man 210 tilgjengelige aktivitetstimer pr uke mot dagens 140 timer (forutsatt åpningstid 07:00-21:00). Dette anbefales mht. dagens situasjon og samtidighets-/kapasitetsutfordringer.
>
> En garderobeutvidelse med et garderobesett vil øke samlet kapasitet med 50%, følgelig vil utvidelse med to garderobesett øke den samlede kapasiteten med 100%. Utvidelse av antall garderobesett, et eller to, har trolig noe mindre innvirkning ifht. samlet kapasitet og de utfordringer man opplever i dag.
>
> Samtidig anses tilskuddsordningen med spillemidler å være særlig gunstig i forbindelse med utvidelser med nye garderober.
>
> For å identifisere og synliggjøre maksimal investeringskostnad i bygningsmassen er det i kostnadsoppsett/-budsjett tatt utgangspunkt i en fullverdig oppgradering, dvs. utvidelse med 1/3 hallflate, to sett dame- og herregarderober, styrketreningsrom, lagre og tilhørende fellesarealer.
>
> Dette i tillegg til mindre oppgraderinger og rehabiliteringer ellers i anlegget. Osterøy kommune og Osterøy Aktiv AS vil kunne redusere investeringskostnadene ved å velge bort deler av tiltaket.
>
> Forventet spillemiddelstøtte/-tilskudd anslås å være 8,0 MNOK.
>
> Forventet median entreprisekostnad anslås å være 19,9 MNOK. I tillegg tilkommer generelle kostnader, spesielle kostnader, merverdiavgift, forventede tillegg og usikkerhetsavsetninger som må beregnes av byggeier.»

Når det gjeld ENØK i Osterøyhallen må vi ta ein ny runde på dette då rapporten ikkje gir klart svar. Eg kan difor ikkje sei så mykje meir om dette i dag.

## - Valestrand busslomme og parkering

Det er inngått kontrakt med Romarheim. Prosjektet er ikkje starta opp grunna vi ikkje har fått oppstartmelding. Oppdatert kostnadskalkyle er for heile prosjektet er kr 36,7 mill. Inkludert i summen er grunnavståing som alt er betalt av Vestland FK diverse rekningarbeid og 10 % uføresett. Sjølve kontrakten med Romarheim er på om lag 28 mill kr,

Kostnadsdelinga med fylkeskommunen er stadfesta i fleire mailar og seinast 22. mars 22. Vi har sendt dei oppdatert kostnadsoverslag til gjennomsyn og godkjenning.

Ingen av dei 13 tilbydarane i utlysing nr 2 har teke ut stemning eller sett fram krav om negativ kontraktsinteresse. Klage frå Vestafjell vart avvist og klage frå R. Nilsen er løyst med forliksavtale på kr 200 000. Deira klage er såleis avgjort og avslutta.

Eit firma FM, har teke ut stemning med krav om positiv kontraktsinteresse på grunnlag av det fyrste anbodet som vart avlyst.

## - Bruvik bustadfelt

Vidare framdrift - vi er i dialog med kjøpar, og samarbeider om framdrift. Vi må ha opp sak om dispensasjon frå planbestemmelsane og rekkjefylgjekrav til reguleringsplanen. Planen er gamal og ein del av rekkjefylgjekrava er utdatert. Men vi må ha eit vedtak i heradsstyret på at dei kan setjast til sides. Når vi dispenserer frå plan er dette ei sak statsforvaltaren har klagerett på. Etter samtale med kjøpar ser vi ikkje for oss at vi kan få saka opp i heradsstyret før i mai møtet.

## - Status legevakt

Alver kommune har prolongert gjeldande avtale om legevakt til vi andre kommunar har fått gjort vedtak i våre politiske organ. Avtalen om ØHD senger er sagt opp, og vert no løyst i kommunane. Vi ventar på ny avtale frå Alver, denne er til politisk handsaming i Alver no. Vi legg fram sak om ny avtale så snart vi har fått naudsynt tilbod frå Alver. Parallelt jobbar vi opp mot Bergen, men vi har ikkje fått noko konkret tilbod vi kan presentere enno. Eit eventuelt tilbod i Bergen vert knytt til legevakt i Åsane på kveld i veker og i Solheimsviken natt og helg.

## - Kapasitet i pleie og omsorg

Vi er framleis i ein situasjon der kapasiteten vår på Osterøytunet og i Heimetenesta er sprengt. I 22 betalte vi for 777 liggedøgn for ferdigbehandla pasientar. Det svinga lit i løpet av året, ikkje like stort trykk heile tida. Men vi konstaterer at situasjonen held fram og i 2023. Vi jobbar med å få opne gr 5, med 9 sengeplassar så fort det let seg gjere. I tillegg leiger vi 4 senger i Samnanger. Det har gått fint å finne kandidatar til desse sengene og samarbeidet med Samnanger fungerer veldig bra.

---

## 001/23: Temamøte barnevern - Heradsstyret 22.02.23

## Rådmannen sitt framlegg:

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Heradsstyret tek tema/saka til vitande**

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

**HS - 001/23 VEDTAK:**

**Heradsstyret tek tema/saka til vitande**

----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 002/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

## Rådmannen sitt framlegg:

**Innkalling og sakliste vert godkjent**.

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

Kim Andre Hartveit, FRP, varsla ein oppmoding til slutten av møte om kontaktinformasjon til heimesjukepleia.

Alf Terje Mortensen, FRP, varsla eit spørsmål til slutten av møte.

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slik merknad: det er feil på dato i referatsak om kontrollutval "møteprotokoll frå møtet 02.10.2022". Møtet var ikkje i oktober, men i desember.

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slik merknad: Kontrollutvalet sitt arbeid og sine saker med vedlegg må verte lettare tilgjengeleg.

Bjarte Aarland, KRF, ønskja ein orientering om ny kraftline til slutten av møtet.
Ordførar svarte kort at han ikkje har så mykje meir å informere om annet enn det som allereie er sagt og at Statsnett kjem til heradsstyret for orientering i neste møte.

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slik merknad: det er fint om spørsmål frå politikarane og svara på desse er lettare tilgjengeleg for allmenta. Det er óg fint om avrøystinga i sakene er lettare tilgjengeleg for allmenta

**HS - 002/23 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent**.

----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 003/23: Godkjenning av møtebok

## Rådmannen sitt framlegg:

**Møteprotokoll frå 07.12.2022 vert godkjend**.

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

Ordføraren hadde slikt merknad: i protokoll frå formannskapet 23.11.2022 om avrøysting i sak om budsjett, FS sak 102/22, er det gjort ein liten korrigering: avrøysting stod motsett av kva som var skjedd. Framlegget frå Ragnar Tyssebotn, FRP, vart stemt ned 4 røyster mot 5 røyster.

----------------------------------------------

Det var elles ingen merknader til møtebok.

**<u>HS - 003/23 VEDTAK:</u>**

**Møteprotokoll frå 07.12.2022 vert godkjend**.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 004/23: Referatsaker og meldingar

### Rådmannen sitt framlegg:

**"Referatsakene vert tekne til vitande**."

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

Det var ingen merknader til referatsakene og meldingane.

**<u>HS - 004/23 VEDTAK:</u>**

**Referatsakene vert tekne til vitande**.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 005/23: Tilstandsrapport barnevern 2022

### Rådmannen sitt framlegg:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
**Heradsstyret tek tilstandsrapport for barnevern 2022 til vitande.**

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

**HS - 005/23 VEDTAK:**

**Heradsstyret tek tilstandsrapport for barnevern 2022 til vitande.**

---

## 006/23: 4.gongs handsaming - Plansak 46302013004 - Detaljregulering Holmane næring - Fotlandsvåg

### Rådmannen sitt framlegg:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: I medhald av plan- og bygningslova §12-12 vert Detaljregulering Holmane næring – Fotlandsvåg, PlanID 46302013004 med Plankart datert 12.08.22, Føresegn datert 11.11.22, VA-rammeplan datert 18.03.19 og planskildring datert 11.11.22 vedteke.**

**25.01.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING:**
Samrøystes vedteke

**PL - 008/23 VEDTAK:**

**I medhald av plan- og bygningslova §12-12 vert Detaljregulering Holmane næring – Fotlandsvåg, PlanID 46302013004 med Plankart datert 12.08.22, Føresegn datert 11.11.22, VA-rammeplan datert 18.03.19 og planskildring datert 11.11.22 vedteke.**

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

Kjersti I. Vevatne, V, ønskja sin gildskap vurdert då ho har vore med å utarbeide planforslaget som arbeidstakar i Asplan Viak.

Hjalti H. Gislason, H, ønskja sin gildskap vurdert til å vurdere Kjersti I. Vevatne, V, sin gildskap då han er gift med hennar.

------------------------------------------
Kjersti I. Vevatne, V, forlet møte.
Åshild Rød, V, møtte som vara.

Hjalti H. Gislason, H, forlet møte.
Ingen vara møtte.

24 medlemmar/varamedlemmar tilstades
------------------------------------------

**AVRØYSTING GILDSKAP**:

Hjalti H. Gislason vert samrøystes kjent ugild til å handsame Kjersti I. Vevatne, V, sin gildskap jf. fvl. §6 første ledd bokstav c.

Kjersti I. Vevatne vert samrøystes kjent ugild i saka jf. fvl. §6 andre ledd.
-------------------------------------------
Hjalti H. Gislason, H, kom tilbake i møte.
25 medlemmart/varamedlemmar tilstades.

---

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

**<u>HS - 006/23 VEDTAK:</u>**

**I medhald av plan- og bygningslova §12-12 vert Detaljregulering Holmane næring – Fotlandsvåg, PlanID 46302013004 med Plankart datert 12.08.22, Føresegn datert 11.11.22, VA-rammeplan datert 18.03.19 og planskildring datert 11.11.22 vedteke.**

---

Åshild Rød, V, forlet møtet.
Kjersti I. Vevatne, V, kom tilbake i møtet.

---

## 007/23: Oppstart av planarbeid med høyring og offentleg ettersyn av planprogram for Kommunedelplan for kulturminner i Osterøy kommune, 2016-2026, PlanID 12532015007

### Rådmannen sitt framlegg:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
**Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033.**
**Utkast til Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033 vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13**

**09.01.2023 UNGDOMSRÅD**

Leiar for Plan gjekk gjennom saka.

**<u>UR - 007/23 VEDTAK:</u>**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

**25.01.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf Terje Mortensen, FRP, sette fram slikt felles tilleggsframlegg på vegne av utvalet:
"Det vert valgt ei arbeidsgruppe på inntil 5 personar som skal arbeide med planen.
Medlemmane vert valgte av eksisterande heradstyre og vert sitjande i utvalet fram til arbeidet med

denne planen er avslutta."

**AVRØYSTING:**
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke
Utvalet sitt felles tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

**PL - 009/23 VEDTAK:**

**Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033. Utkast til Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033 vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13**

**Det vert valgt ei arbeidsgruppe på inntil 5 personar som skal arbeide med planen. Medlemmane vert valgte av eksisterande heradstyre og vert sitjande i utvalet fram til arbeidet med denne planen er avslutta.**

**15.02.2023 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**
Plan- og kommunalteknisk utval sin innstilling vert samrøystes vedteke

**FS - 009/23 VEDTAK:**

**Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033. Utkast til Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033 vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13**

**Det vert valgt ei arbeidsgruppe på inntil 5 personar som skal arbeide med planen. Medlemmane vert valgte av eksisterande heradstyre og vert sitjande i utvalet fram til arbeidet med denne planen er avslutta.**

**16.02.2023 ELDRERÅDET**

Rådet følgjer samrøystes innstillinga frå rådmannen.

**ELD - 005/23 VEDTAK:**

**Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033. Utkast til Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033 vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13**

**16.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Rådet følgjer samrøystes innstillinga frå rådmannen.

**RFF - 005/23 VEDTAK:**

**Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033. Utkast**

**til Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033 vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13**

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

**HS - 007/23 VEDTAK:**

**Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033. Utkast til Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033 vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13**

**Det vert valgt ei arbeidsgruppe på inntil 5 personar som skal arbeide med planen. Medlemmane vert valgte av og blant medlemmane og varamedlemmene i eksisterande heradstyre og vert sitjande i utvalet fram til arbeidet med denne planen er avslutta.**

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Siren Tyssebotn, FRP, fekk innvilga permisjon frå resten av møtet. Ingen vara møtte.

24 medlemmar/varamedlemmar tilstades

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 009/23: Søknad om kommunal tilskot og garanti for lån - Furubakken idrettsplass

### Rådmannen sitt framlegg:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
**Valestrand Hjellvik Fotballklubb får midlertidig avslag på sin søknad om kommunalt tilskot til rehabilitering av kunstgrasbana på Furubakken Idrettsplass.**

**Valestrand Hjellvik Fotballklubb får innvilga sin søknad om kommunal garanti på lån for å rehabilitere kunstgrasbana på Furubakken idrettsplass, kroner 4 773 526, forutsett at garantien vert godkjent av departementet, jf. Kommunelova § 14-19 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kapitel 1.**

**Det vert stilt som vilkår at søknaden om spelemidlar vert fornya årleg i tråd med regelverket. Det er ikkje eit krav at Valestrand Hjellvik Fotballklubb har fått tildeling av spelemidlar for at garantien skal vere gyldig.**

**13.02.2023 UNGDOMSRÅD**

**Møteleiar gjorde slikt framlegg:**

**Valestrand Hjellvik Fotballklubb får midlertidig avslag på sin søknad om kommunalt tilskot til rehabilitering av kunstgrasbana på Furubakken Idrettsplass.**

**Valestrand Hjellvik Fotballklubb får innvilga sin søknad om kommunal garanti på lån for å rehabilitere kunstgrasbana på Furubakken idrettsplass, kroner 4 773 526, forutsett at garantien vert godkjent av departementet, jf. Kommunelova § 14-19 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kapitel 1, og forutsett at garantien ikkje vil gå ut over investeringsmidlane til kommunen.**

**Det vert stilt som vilkår at søknaden om spelemidlar vert fornya årleg i tråd med regelverket. Det er ikkje eit krav at Valestrand Hjellvik Fotballklubb har fått tildeling av spelemidlar for at garantien skal vere gyldig.**

Leiar for Kultur og mangfald gjekk gjennom saka.
Røysting:
Rådmannen sitt forslag: 3 mot 2 stemmer
Møteleiar sitt forslag: 2 mot 3 stemmer

**UR - 012/23 VEDTAK:**

**Valestrand Hjellvik Fotballklubb får midlertidig avslag på sin søknad om kommunalt tilskot til rehabilitering av kunstgrasbana på Furubakken Idrettsplass.**

**Valestrand Hjellvik Fotballklubb får innvilga sin søknad om kommunal garanti på lån for å rehabilitere kunstgrasbana på Furubakken idrettsplass, kroner 4 773 526, forutsett at garantien vert godkjent av departementet, jf. Kommunelova § 14-19 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kapitel 1.**

**Det vert stilt som vilkår at søknaden om spelemidlar vert fornya årleg i tråd med regelverket. Det er ikkje eit krav at Valestrand Hjellvik Fotballklubb har fått tildeling av spelemidlar for at garantien skal vere gyldig.**

**15.02.2023 FORMANNSKAPET**

Hjalti H. Gislason, H, sette fram slikt framlegg:
"Valestrand Hjellvik Fotballklubb får innvilga sin søknad om kommunalt tilskot til rehabilitering av den kommunale kunstgrasbana på Furubakken Idrettsplass, kroner 500.000,-.

Vidare får Valestrand Hjellvik Fotballklubb innvilga sin søknad om kommunal garanti på lån for denne rehabiliteringa, kroner 4 273 526, forutsett at garantien vert godkjent av departementet, jf. Kommunelova § 14-19 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kapitel 1.

Det vert stilt som vilkår at søknaden om spelemidlar vert fornya årleg i tråd med regelverket. Det er ikkje eit krav at Valestrand Hjellvik Fotballklubb har fått tildeling av spelemidlar for at garantien skal vere gyldig.

Bakgrunn:
Kunstgrasbana på Furubakken Idrettsplass er utvilsamt kommunal: Den er 2/3 på gnr./bnr. 137/115

og 1/3 på 137/5, båe to Osterøy kommune sin eigedom. Vidare har VHFK hatt ein avtale om drift og vedlikehald av bana med Osterøy kommune sidan 2006 som er kanskje det sterkaste provet på at kommunen oppfattar det som sin eigedom.

Av årsaker som ikkje høver i denne grunngjevinga bidro ikkje Osterøy kommune økonomisk til bygging av bana i si tid og det opplevast som rimelig at han gjer det no når dekket treng utskifting, mellom anna fordi bana fungerer som skuleplass for Valestrand barneskule og mykje av slitasjen skuldast denne funksjonen.

Tilskot og kommunal garanti vil sikra kommunen sine interesser og ivaretaking av eit viktig anlegg som både fremjar folkehelsa i Valestrandsområdet og leik for skuleborna i friminutta.

Tilskotet vert finansiert med å utvida ramma for investeringar på 2023-budsjettet med 500.000,-"

**AVRØYSTING:**
Hjalti H. Gislason, H, sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

**FS - 011/23 VEDTAK:**

**Valestrand Hjellvik Fotballklubb får innvilga sin søknad om kommunalt tilskot til rehabilitering av den kommunale kunstgrasbana på Furubakken Idrettsplass, kroner 500.000,-.**

**Vidare får Valestrand Hjellvik Fotballklubb innvilga sin søknad om kommunal garanti på lån for denne rehabiliteringa, kroner 4 273 526, forutsett at garantien vert godkjent av departementet, jf. Kommunelova § 14-19 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kapitel 1.**

**Det vert stilt som vilkår at søknaden om spelemidlar vert fornya årleg i tråd med regelverket. Det er ikkje eit krav at Valestrand Hjellvik Fotballklubb har fått tildeling av spelemidlar for at garantien skal vere gyldig.**

**Bakgrunn:**
**Kunstgrasbana på Furubakken Idrettsplass er utvilsamt kommunal: Den er 2/3 på gnr./bnr. 137/115 og 1/3 på 137/5, båe to Osterøy kommune sin eigedom. Vidare har VHFK hatt ein avtale om drift og vedlikehald av bana med Osterøy kommune sidan 2006 som er kanskje det sterkaste provet på at kommunen oppfattar det som sin eigedom.**

**Av årsaker som ikkje høver i denne grunngjevinga bidro ikkje Osterøy kommune økonomisk til bygging av bana i si tid og det opplevast som rimelig at han gjer det no når dekket treng utskifting, mellom anna fordi bana fungerer som skuleplass for Valestrand barneskule og mykje av slitasjen skuldast denne funksjonen.**

**Tilskot og kommunal garanti vil sikra kommunen sine interesser og ivaretaking av eit viktig anlegg som både fremjar folkehelsa i Valestrandsområdet og leik for skuleborna i friminutta.**

**Tilskotet vert finansiert med å utvida ramma for investeringar på 2023-budsjettet med 500.000,-**

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

**HS - 009/23 VEDTAK:**

**Valestrand Hjellvik Fotballklubb får innvilga sin søknad om kommunalt tilskot til rehabilitering av den kommunale kunstgrasbana på Furubakken Idrettsplass, kroner 500.000,-.**

**Vidare får Valestrand Hjellvik Fotballklubb innvilga sin søknad om kommunal garanti på lån for denne rehabiliteringa, kroner 4 273 526, forutsett at garantien vert godkjent av departementet, jf. Kommunelova § 14-19 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kapitel 1.**

**Det vert stilt som vilkår at søknaden om spelemidlar vert fornya årleg i tråd med regelverket. Det er ikkje eit krav at Valestrand Hjellvik Fotballklubb har fått tildeling av spelemidlar for at garantien skal vere gyldig.**

**Bakgrunn:**
**Kunstgrasbana på Furubakken Idrettsplass er utvilsamt kommunal: Den er 2/3 på gnr./bnr. 137/115 og 1/3 på 137/5, båe to Osterøy kommune sin eigedom. Vidare har VHFK hatt ein avtale om drift og vedlikehald av bana med Osterøy kommune sidan 2006 som er kanskje det sterkaste provet på at kommunen oppfattar det som sin eigedom.**

**Av årsaker som ikkje høver i denne grunngjevinga bidro ikkje Osterøy kommune økonomisk til bygging av bana i si tid og det opplevast som rimelig at han gjer det no når dekket treng utskifting, mellom anna fordi bana fungerer som skuleplass for Valestrand barneskule og mykje av slitasjen skuldast denne funksjonen.**

**Tilskot og kommunal garanti vil sikra kommunen sine interesser og ivaretaking av eit viktig anlegg som både fremjar folkehelsa i Valestrandsområdet og leik for skuleborna i friminutta.**

**Tilskotet vert ubetalt i frå disposisjonsfondet.**

**Grunngjeving:**

**VHFK har i dag søknad om spelemidlar til tiltaket liggande til handsaming. Lovverket seier:**
**2.4 Vilkår for tilskudd**
**2.4.1 Eierskap til anlegget**

**Det er eieren av anlegget som kan søke om tilskudd. I helt særegne enkelttilfeller kan departementet gi dispensasjon fra dette kravet.**

**Midlar frå investeringsbudsjettet kan berre løyvast til driftsmidlar eigd av kommunen. Om heradsstyret løyver investeringsmidlar til anlegget, seier ein då indirekte at ein eig det. Då vil ikkje VHFK ha høve til å stå som eigar av spelemiddelsøknaden. Og det er risiko for at den må utformast og sendast på nytt av ny eigar, og difor rykk bak i køen. Å løyve tilskot over driftsbudsjettet er og i tråd med det som er gjort i dei to nyaste samanliknbare sakene (Fotlandsvåg IL og Osterøy IL)**

**Å løyve midlar over driftsbudsjettet vert sett på som ei mellomløysing for å sikra finansiering og framdrift i prosjektet. Osterøy kommune stiller seg ikkje negativ til å eige idrettsanlegget om det er ynskjeleg i framtida. Stilling til eigarskap vert tatt etter ei heilskapleg vurdering i samråd med alle**

**idrettslaga i eigarskapsmeldinga for idrettsanlegg.**

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 008/23: Seljerinden - Privatisering av kommunal veg

## Rådmannen sitt framlegg:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
**Veg, som vist i kartutsnitt, vert privatisert med heimel i veglova § 7. Vegrettar for 34/19 og andre brukarar skal tinglysast før privatisering**

**25.01.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING:**
Samrøystes vedteke

**PL - 007/23 VEDTAK:**

**Veg, som vist i kartutsnitt, vert privatisert med heimel i veglova § 7. Vegrettar for 34/19 og andre brukarar skal tinglysast før privatiseringRådmannen sitt framlegg til vedtak:**
**Veg, som vist i kartutsnitt, vert privatisert med heimel i veglova § 7. Vegrettar for 34/19 og andre brukarar skal tinglysast før privatisering**

**15.02.2023 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**
Plan- og kommunalteknisk utval sin innstilling vert samrøystes vedteke

**FS - 008/23 VEDTAK:**

**Veg, som vist i kartutsnitt, vert privatisert med heimel i veglova § 7. Vegrettar for 34/19 og andre brukarar skal tinglysast før privatisering**

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

**HS - 008/23 VEDTAK:**

**Veg, som vist i kartutsnitt, vert privatisert med heimel i veglova § 7. Vegrettar for 34/19 og andre brukarar skal tinglysast før privatisering**

---

## 010/23: Prinsippavklaring om kryssing av steingard i samband med skogsdrift

### Rådmannen sitt framlegg:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Kommunen skal følgje gjeldande regelverk ved handsaming av søknadar.**

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

**HS - 010/23 VEDTAK:**

**Kommunen skal følgje gjeldande regelverk ved handsaming av søknadar.**

---

## 011/23: Behov for justering av løn for støttekontaktar i helse og omsorgstenesta

### Rådmannen sitt framlegg:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
**Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 190 kr pr time frå 01.01.2023**

**15.02.2023 FORMANNSKAPET**

Jarle Skeidsvoll, KRF, sette fram slikt framlegg:
"Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023"

Alf Terje Mortensen, FRP, sette fram slikt tilleggsframlegg:
"Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga."

**AVRØYSTING:**
Jarle Skeidsvoll, KRF, sitt framlegg vert samrøystes vedteke
Alf Terje Mortensen, FRP, sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 010/23 VEDTAK:**

**Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023.**

**Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga.**

**16.02.2023 ELDRERÅDET**

Møteleiar sette fram slikt framlegg: Rådet støttar innstillinga frå formannskapet.

**AVRØYSTING**:
Samrøystes

**ELD - 003/23 VEDTAK:**

**Rådet støttar innstillinga frå formannskapet av 15.02.2023:**
**"Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023. Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga."**

**16.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Møteleiar sette fram slikt framlegg: Rådet støttar innstillinga frå formannskapet.

**AVRØYSTING**:
Samrøystes

**RFF - 003/23 VEDTAK:**

**Rådet støttar innstillinga frå formannskapet av 15.02.2023:**
**"Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023. Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga."**

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

**HS - 011/23 VEDTAK:**

**Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023.**

**Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga.**
**Presisering: Årleg justering gjeld frå og med lønsoppgjeret 2023.**

---

## 012/23: Eigarskapsmelding Idrettsanlegg

## Rådmannen sitt framlegg:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. **Det skal leggast fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.**

**Eigarskapsmeldinga skal**

- **Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.**
- **Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.**
- **På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.**

**Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.**

2. **Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.**

**09.01.2023 UNGDOMSRÅD**

Leiar for Kultur og mangfald gjekk gjennom saka.

**<u>UR - 006/23 VEDTAK:</u>**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

**15.02.2023 FORMANNSKAPET**

**<u>AVRØYSTING:</u>**
Samrøystes vedteke

**<u>FS - 012/23 VEDTAK:</u>**

**Det skal leggast fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.**

**Eigarskapsmeldinga skal**

- **Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.**
- **Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av**

anlegg.

- På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.

**Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.**

**Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.**

**16.02.2023 ELDRERÅDET**

Rådet synast det er svært positivt at det no kjem ein eigarskapsmelding for dette. Utover det som allereie ligg som ein del av saksframlegget har ikkje rådet nokre meir å tilføye saka.

**ELD - 004/23 VEDTAK:**

1. **Det skal leggast fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.**

**Eigarskapsmeldinga skal**

- **Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.**
- **Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.**
- **På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.**

**Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.**

2. **Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.**

**16.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Rådet synast det er svært positivt at det no kjem ein eigarskapsmelding for dette. Utover det som allereie ligg som ein del av saksframlegget har ikkje rådet nokre meir å tilføye saka.

**RFF - 004/23 VEDTAK:**

1. **Det skal leggast fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.**

**Eigarskapsmeldinga skal**

- **Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.**
- **Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.**
- **På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.**

**Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.**

2. **Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.**

**22.02.2023 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

**HS - 012/23 VEDTAK:**

**Det skal leggast fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.**

**Eigarskapsmeldinga skal**

- **Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.**
- **Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.**
- **På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.**

**Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.**

**Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.**

**Osterøy har og vil i framtida kunne få andre typar idrettsanlegg som til dømes ridehall, ridebane,**

**motorsportanlegg, rulleskianlegg osb. Eigarskapsmeldinga må difor ha ei drøfting av korleis nye anlegg skal handsamast for å kunne verte ein del av lista og få spelemiddelfinansiering/ anna finansiering på lik line med eksisterande anlegg.**

**Grunngjeving: Osterøy kommune har mange fine idrettsanlegg spreidd rundt i kommunen. Eigarskapsmeldinga er eit viktig instrument for å sikre ei fornuftig framdrift vidare, og kva politikk og løysingar som skal ligge til grunn for framtidas anlegg og løysingar. Samstundes har kommunen andre idrettsgreiner med aktive miljø, som ikkje ligg under ordninga som eigarskapsmeldinga skal rette seg mot per i dag. For å leggje til rette for ei god utvikling for eit breiast mogleg tilbod må me og ta omsyn til desse andre aktivitetane i eigarskapsmeldinga når denne no vert utarbeidd.**

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 013/23: KS debatthefte 2023 nr. 1 - Innspel frå Osterøy kommune

### Rådmannen sitt framlegg:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
**Kva er dei mest relevante utfordringane framover?**

1. *Er utfordringsbiletet som skildra i heftet gjenkjennbart for din kommune/fylkeskommune?*

Svar: Utfordringsbilete som vert skildra er diverre svært gjenkjennbart for Osterøy kommune.

2. *Er det andre langsiktige utfordringar enn det som er skildra, som de vil peike på?*

Svar: KS sin skildring treff godt. Osterøy kommune vil likevel peike på at i tillegg til den svært krevjande situasjonsbilete som er skildra, så er det ekstra krevjande for dei kommunane som, i likskap med Osterøy, ikkje har meir å hente på inntektssida. Vi må bruke tid og ressursar på å «halde hovudet over vatn» for å handtere auka utgifter og auka behov. Det vert verken tid eller ressursar til å jobbe med utvikling. Osterøy kommune opplever at det er krevjande å møte framtida sine utfordringar når ein ikkje har midlar, ressursar, bemanning og kompetanse til å gjere dei investeringane og grepa som er heilt nødvendige for å vere rusta for framtida. Dei ressursane vi har vert diverre ofte brukt til å plastre såret i staden for å utvikle og vere i forkant. Det vert lite rom for å drive førebyggjande arbeid og i det heile: å hindre at det vert eit sår.

3. *Kva utfordringar meiner de blir spesielt viktig å vere merksam på framover?*

Svar: Det er eit aukande behov for helse- og omsorgstenester. Det er viktig at vi klarer å ruste oss slik at vi klarer å møte dette så godt det let seg gjere. Her må vi tenkje annleis, til dels endre strukturen og oppgåveløysinga i heile tenesta. Vi må setjast i stand til ta i bruk teknologi og andre nyvinningar som gjer at arbeidet kan organiserast på nye måtar. Dette vil gjere at vi kan jobbe meir effektivt utan at det går ut over kvaliteten i tenesta. Vi må og kunne nytte arbeidskrafta vå meir effektivt enn i dag. Det betyr at vi må tenkje nytt om kva kompetanse som må til for å løyse ulike oppgåver. Rekrutteringsutfordringa er allereie stor i kommunesektoren, og i særleg grad innan helse og omsorg.

Det største utfordringa er likevel den auka risikoen for ikkje ønska og ikkje forutsette hendingar, nettopp fordi det er svært vanskeleg å førebu seg godt nok på slike hendingar og korleis desse vil påverke kommunen. Når all kapasitet går med til dagleg drift er det og lett å gleppe på viktige utviklingstrekk. Det gjer oss mei sårbare.

**Korleis styrke lokaldemokratiet si evne og kraft til berekraftig arealbruk?**

4. *Kva mogelegheiter og utfordringar opplever kommunane/fylkeskommunane sjølv i arbeidet med berekraftig arealbruk?*

Svar: Ein viktig utfordring er å få oversikt over faktisk bruk av areala i kommunen. Vi må vite kor mykje areal som årleg vert omdisponert frå eit føremål til eit anna. Kommunane har trong for å ha betre kontroll og oversikt over arealbruken i form av ein arealrekneskap. Det er her særs viktig å ha kontroll på avgang av landbruksareal og areal knytt til biologisk mangfald. Den norske raudlista viser at arealendringar er det største trugsmålet mot biologisk mangfald. Rapportar frå Det internasjonale Naturpanelet syner det same.

Det me her snakkar om er arealnøytralitet. Det vil seie null tap av natur. Tap av landbruksjord er inkludert.

I dag har kommunane ikkje gode nok reiskapar til å handtere denne problematikken på ein god måte. KOSTRA-rapportering er ikkje godt nok. Vi treng enkle metodar for å lage gode arealrekneskapar, og vilje og evne til å leggje resultata av desse til grunn for politiske vedtak.

Ein annan utfordring er å sjå heilskapen i berekraftig arealbruk. Dette er eit komplekst omgrep med mange falsettar, og det er gjerne slik at eit isolert berekraftig tiltak kjem i konflikt med eit anna isolert berekraftig tiltak. Dette er ein klassisk problemstilling. Mykje erfaring vart her henta i NAMIT-prosjektet på tidleg 90-tal, og arbeidet med samordna transport- og arealplanlegging. Gamle greier som framleis er aktuelle.

5. *Kva nye verktøy og verkemidlar vil vere nyttige og naudsynte i kommunen/fylkeskommunen sitt arbeid med berekraftig arealbruk?*

Svar: Ein god metode for arealbruksrekneskap som alle kommunane kan/bør/skal bruke. Osterøy kommune er også svært opptatt av å ta i bruk arealrekneskap i det pågåande arbeidet med revisjon av KPA. Samtidig meiner me det bør være ein felles metodikk for alle norske kommunar. Dette er etter kva me veit under utvikling.

Berekraftig arealbruk er ein arealbruk som m.a. tek vare på arealressursane våre for framtidige generasjonar. Vi trur mange i kommunane har behov for gode kriteria for å utvikle berekraftige arealbruksløysingar i sine respektive kommunar.

PBL er framleis eit godt verkemiddel for ein berekraftig arealbruk.

**Korleis få til ei raskare omstilling og mobilisering av ressursar?**

6. *Kva er dei største barrierane for å få til ei raskare omstilling i din kommune/fylkeskommune?*

Svar: Som vi allereie har vore inne på er dei største utfordringane/barrierane for vår del det økonomiske. Deretter er mangel på ressursar og kapasitet ei utfordring. Manglande kapasitet har del samanheng med knappe økonomiske rammer, men og tilgang på fagfolk vi treng for å få til naudsynt omstilling. Rigide reglar og avtalefesta rettar er og ein hinder for rask og smidig omstilling.

7. *Kor ser de dei største mogelegheitene for å mobilisere ressursar internt i eigen organisasjon og med eksterne utanfor organisasjonen?*

Svar: Skal vi frigjere ressursar i eigen organisasjon må vi kutte ut oppgåver vi gjer i dag. Det vil i så fall krevje endringar i lov og forskrifter som set krav til kva vi pliktar å levere av tenester.

**15.02.2023 FORMANNSKAPET**

Formannskapet var samd i ein slik merknad til handsaminga av desse sakene i framtida: formannskapet ønskjer frammover å få tilsendt KS debatthefte så snart kommunen har fått det, slik

at ein kan ta stilling til det i god tid før frist for innspel.
**AVRØYSTING:**
Samrøystes vedteke

**FS - 013/23 VEDTAK:**

**Kva er dei mest relevante utfordringane framover?**

1. *Er utfordringsbiletet som skildra i heftet gjenkjennbart for din kommune/fylkeskommune?*

Svar: Utfordringsbilete som vert skildra er diverre svært gjenkjennbart for Osterøy kommune.

2. *Er det andre langsiktige utfordringar enn det som er skildra, som de vil peike på?*

Svar: KS sin skildring treff godt. Osterøy kommune vil likevel peike på at i tillegg til den svært krevjande situasjonsbilete som er skildra, så er det ekstra krevjande for dei kommunane som, i likskap med Osterøy, ikkje har meir å hente på inntektssida. Vi må bruke tid og ressursar på å «halde hovudet over vatn» for å handtere auka utgifter og auka behov. Det vert verken tid eller ressursar til å jobbe med utvikling. Osterøy kommune opplever at det er krevjande å møte framtida sine utfordringar når ein ikkje har midlar, ressursar, bemanning og kompetanse til å gjere dei investeringane og grepa som er heilt nødvendige for å vere rusta for framtida. Dei ressursane vi har vert diverre ofte brukt til å plastre såret i staden for å utvikle og vere i forkant. Det vert lite rom for å drive førebyggjande arbeid og i det heile: å hindre at det vert eit sår.

3. *Kva utfordringar meiner de blir spesielt viktig å vere merksam på framover?*

